



Skjåk kommune

Plan, samfunn og miljø

Rolv Kjeka

2690 SKJÅK

Delegert vedtak

Vår ref
2013/23/23/K12

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Tor Taraldsrud
tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Dato
12.02.2013

Saka gjeld: Søknad om snøscootertransport i Reinheimen verneområde - Rolv Kjeka

Saksopplysning:

Rolv Kjeka søker om å få nytte snøscooter til følgjande transportoppdrag i Reinheimen Nasjonalpark (NP) og Ottadalen landskapsvernområde (LVO):

1. Transport av ved og proviant til Døktahytta. Oppdragsgjevar: Tor Arne Bakken.
2. Transport av ved, salt og varer til Døktabue og Råkåbue, samt transport av salt til utplasserte salttønner på Honnsjoen, Råkå og Vangen. Oppdragsgjevar: Finndalen Bruksrettslag.
3. Hente båt ved Råkåvatnet som skal reparerast, denne skal også transporterast tilbake. Oppdragsgjevar: Are Flatmo og Eirik Bustad.

Rolv Kjeka er leigekøyrar i både Lom og Skjåk kommune. Pkt 1 over kan truleg gjerast på ein tur, medan pkt 2 og 3 truleg krev 2 turar kvar. Det kan vera aktuelt å kombinere enkelte av transportoppdraga på same tur. Søker antek at løyve for 5 turar totalt vil halde.

I verneforskriftene for Ottadalen landskapsvernområde § 3 punkt 5.3 finst følgjande heimel:

5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- b) Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.*
- c) Utkøyring av saltstein på snødekt mark i regi av beitelag.*

Tilsvarande heimel finst i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3 punkt 6.3:

6.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- b) Bruk av beltegåande køyretøy på snødekt mark langs etablerte traséar eller lufttransport for nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt.*
- d) Utkøyring av saltstein på snødekt mark i regi av beitelag.*

Postadresse

2690 Skjåk
E-post: post@skjaak.kommune.no

Heimeside

www.skjaak.kommune.no

Telefon

61217000

Telefaks

61217001

Bank

2085.07.40004

Org.nr

961381096

Vurdering:

Transport av båt, salt, ved og varer til beitelagsbuer og private buer/ hytter er det heimel for i verneforskriftene, likeeins transport av salt til salttønner i regi av beitelag,. Det er vidare heimel for leigekøyrar å ta på seg slike oppdrag jfr. § 5 i motorferdselsforskrifta. Rolv Kjeka har allereie slikt løyve.

Søknaden er vurdert etter dei miljørettslege prinsipp i Naturmangfaldlova § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: På bakgrunn av kunnskapsinnsamling i samband med verneplanprosessen for Reinheimen er kunnskapsgrunnlaget for området godt. Det finst også nyare rapportar om villreinen sin bruk av området, seinast NINA-rapport 643 (2011). Løyvet er vidare gjeve på bakgrunn av uttale frå lokalkjente personar. Ut frå denne kunnskapen er det ikkje sannsynleg at løyvet vil påverke naturmangfaldet i området.

§ 9 - føre-var prinsippet: Kunnskapsgrunnlaget er godt. Med dei vilkår som er sett er det ikkje sannsynleg at løyvet vil medføre risiko for irreversibel skade på naturmangfaldet.

§ 10 - samla belastning for økosystemet: Høgfjellsområdet ved Honnsjøen/ Liafjellet er viktig trekk- og beiteområde for villreinsbestanden i Ottadalen nord villreinområde. Motorferdsel her må derfor haldast på eit minimum, og det må setjast vilkår om traséval og tidspunkt for gjennomføring av transporten. I høve til forvaltningsplanen for Reinheimen skal køyring på snødekt mark ikkje skje etter 20. april. Villreinen trekker normalt ut at frå Liafjellet sein vinter / tidleg vår. Ved å avslutte køyring noko tidlegare enn 20. april vil ein redusere risikoen for å forstyrre trekket. Med dei vilkår som er sett i vedtaket blir samla belastning i området ikkje vurdert som skadeleg for økosystemet.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Blir vurdert som lite relevant når det gjeld denne søknaden.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Snøskuter er i dei aller fleste tilfelle den mest effektive måten å gjennomføre nødvendig transport til veglause buer/ hytter i verneområdet. Det same gjeld transport av salt til beitedyr, for lagring i utplasserte salttønner.

Vedtak:

Rolv Kjeka får løyve til å gjennomføre følgjande transportoppdrag med snøskuter:

1. Transport av ved og proviant til Døktabue.
2. Transport av ved, salt og varer til Døktabue og Rååbue, samt transport av salt til utplasserte salttønner på Honnsjoen, Råå og Vangen.
3. Hente båt ved Rååvatnet som skal reparerast, denne skal også transporterast tilbake.

Løyvet for køyringa blir gjeve med heimel i forskrift for:

- Ottadalen LVO § 3 punkt 5.3
- Reinheimen NP § 3 punkt 6.3.

Løyvet blir gjeve for den delen av transporten som skjer i Skjåk kommune

For løyvet gjeld følgjande vilkår:


1. Dispensasjonen gjeld for inntil 5 turar totalt.
2. Det må innhentast løyve frå Lom kommune for motorferdsel innan Lom kommune og det må innhentast løyve frå aktuelle grunneigarar.
3. Transporten skal gjennomførast innan 1.april 2013.
4. Ved transport austover frå Skrindlia skal det nyttast køyretrasé på nordsida av Honnsjøen, for å halde mest mogeleg avstand til områda på Liafjellet der reinen normalt oppheld seg.

5. Kjøring både i og utanfor verneområdet skal avgrensast til det strengt nødvendige. Transporten bør så langt som råd skje langs same køyrespor tur/retur. Avvik frå trase for å unngå forstyrning av villrein kan akseptast.
6. Leigekøyrar må varsle SNO ved Per Olav Haugen (tlf. 97057213) / oppsynet i Finndalen statsallmenning Erling Dagsgard (tlf. 90 99 94 96) før transporten blir gjennomført. Oppsynet vil gje nærare rettleiing om det må takast særlege omsyn til villreinen.
7. Det skal førast køyrebok som skal fyllast ut før turen startar og som er med under transporten. Køyreboka skal leverast til Skjåk kommune innan 5.juni 2013.

*Vedtaket kan klagast til Direktoratet for naturforvaltning. Klaga skal sendast skriftleg til **Skjåk kommune**. Gje opplysning om vedtaket det blir klaga over, den eller dei endringane du ynskjer, og dei grunnane du vil leggje til grunn for klaga.*

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Klaga må vera postlagt innan fristens utløp. Dersom du klagar så seint at det kan vere tvil om du har klaga i rett tid, må du og opplyse når denne meldinga kom fram.

Med helsing



Tor Taraldsrud
Miljøvernkonsulent

Kopi til:

DN
FM Oppland
KUR
Lesja kommune
Lom kommune
Norrdal kommune

Rauma kommune
Vågå kommune
SNO-Skjåk
SNO-Åndalsnes
Skjåk Almanning